

**Radøy kommune, kontrollutvalet**  
**Radøyvegen 1690**  
**5936 Manger**

Eg har ved fleire høve prøvd å få eit svar frå kommuneadministrasjonen vedkomande delegasjonssak nr. 248/2015 utan at det har lukkast. Eg ønskjer i utgangspunktet ikkje å laga noko styr omkring saka, men det er heilt tydeleg at her er mykje som ikkje toler dagslys, og eg ber difor kontrollutvalet om å sjå på saka.

Eg legg ved gjenpart av to e-postar eg har sendt til Radøy kommune v/rådmannen.

Manger 19.05.16.

Med vennleg helsing



Geir Smith

**Radøy kommune v/rådmannen**  
**Radøyvegen 1690**  
**5936 Manger**

**Etterlysing av svar.**

Eg viser til e-post sendt 07.04.16 der eg bad om å få vita bakgrunnen for at vedtaket i delegasjonssak nr. 248/2015 er gjort om. Eg fekk melding om at saka hadde fått arkivnr. 16/729, men sidan har eg ikkje høyrte ein lyd.

Etter mitt syn hadde dåverande leiar for landbrukskontoret ei svært god saksutgreiing i samband med konsesjonshandsaminga. Eg lurar difor på kvifor denne vart sett til side utan at, så vidt eg forstår, noko politisk organ var inne i biletet. Sameleis finn eg det merkeleg at korkje me eller andre «bønder med landbrukseigedom i aktiv drift» vart kontakta før vedtaket vart gjort om.

Lat det likevel vera heilt klårt. Eg har ikkje noko ønskje om å skapa vanskar for Radøygruppen/Granit Radøy AS sine industriplanar. Klarar dei å skapa nye industriarbeidsplassar i desse tider, så fortener dei ros for det. Eg synest heller ikkje at det er urimeleg om dei ønskjer å sikra seg eit visst areal i tilknytning til eksisterande industriområde for eventuell ekspansjon i framtida. Området på oppsida av Toskavegen/Kjevvatnet bør etter mitt syn ikkje regulerast til industri eller bustad.

Eg forstår at dette er ei sak som ikkje toler dagslys, og eg er langt frå den einaste som undrar seg over kva som skjer på rådhuset i Radøy for tida. Eg reknar med at det er naturleg å sjå saka i samanheng med «Avtale om tilrettelegging og merking av turstiar mellom Radøy Granit AS som grunneigar av gnr. 45 bnr. 10 i Radøy kommune og Radøy kommune», underskriven av ordføraren og den nye eigaren av eigedommen 23.11.15. Korleis kan ei industribedrift få kjøpa opp eit LNF-område til bustadføre mål utan at det så vidt eg veit er handsama i eit einaste politisk organ?

Eg etterlyser nok ein gong eit snarleg svar.

Manger 18.05.16

Med helsing

Geir Smith

Kopi til kontrollutvalet i Radøy.

Viser til samtale på rådhuset tidlegare i dag med Kristine Born frå landbrukskontoret og rådmann Jarle Landås.

Eg er altså interessert i å få vita bakgrunnen for at vedtaket i delegasjonssak nr. 248/2015 er gjort om. Det gjeld altså salet av «Jotun-eigedommen» til Granit Radøy AS.

I det opphavlege vedtaket fatta av Radøy kommune 23.10.15 heiter det m.a. «Rådmannen set som vilkår at ny ervervar tek steg som leier til deling av gnr/bnr 45/10 slik at det øvrige arealet utanom dei 18 daa som er bebygd næringsareal vert delt ifrå. Ei deling skal leie fram til at ein bonde med landbrukseigedom i aktiv drift kjøper den delen av eigedommen gnr/bnr 45/10 som kan nyttast til landbruk:»

I den føregåande saksutgreiinga heiter det m.a. at: «Rådmannen finn at ervervet **ikkje** fullt ut ivaretek omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet».

Fram til i fjor haust var eg eigar av eit bruk som den gong nesten grensa til «Jotun-eigedommen». Då tok sonen min, Eirik Smith, over garden for å driva han vidare. Om lag på same tid kjøpte han også naboeigedommen, gnr/bnr 46/56. Denne grensar direkte mot «Jotun-eigedommen». Me driv i hovudsak med mjølkeproduksjon, men har også planar om å utvida kjøtproduksjonen. Dette dels for å styrkja økonomien i drifta, men også for å gjera ein innsats for å minska gjengroinga på dei karakteristiske «Mangerssteppene».

Slik sett meiner eg me kjem godt innafor omgrepet «landbrukseigedom i aktiv drift», og som også grensar inn mot den aktuelle eigedommen.

Eg synest det vedtaket Radøy kommune først fatta var eit fornuftig og framtidsretta vedtak. Me har difor venta på å verta kontakta anten av Radøy kommune eller ervervar av eigedommen for om mogeleg koma fram til ein avtale.

Stor var difor undringa då me tilfeldig oppdaga at vedtaket var gjort om i følgje brev dagsett 16.11.15. I saksutgreiinga her heiter det m.a. at «eit forvaltningsorgan kan omgjera sitt eige vedtak utan at det er påklaga **dersom endringa ikkje er til skade for nokon som vedtaket rettar seg mot eller direkte tilgodeser**».

Etter mitt syn sler det eine utsagnet det andre i hel. Kva er det som i løpet av tre veker har gjort kjøpar betre skikka til å «leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til, kan verta brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket?»

Eg ber difor om ei grunngjeving på kvifor det opphavlege vedtaket i denne saka er gjort om i det stille.

Manger, 07.04.16

Mvh  
Geir Smith